



SANDE KOMMUNE
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen, Sande Rådhus, Larsnes
Dato: 14.06.2017
Tid: 13:45 – 15:50

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Dag Vaagen	Ordførar	H
Helge Støylen	Varaordførar	TVP
Ruth Hatlebrekke Rekdal	Medlem	H
Anne-Marte S. Beitveit	Medlem	TVP
Arnljot Muren	Medlem	A
Jon Garen	Medlem	A
Kari Grønnevik	Medlem	SP

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Oddbjørn Indregård	Konst.rådmann
Tove Cathrine Kvamme	Politisk sekretær

Innkalling og protokoll frå forrige møte vart godkjent utan merknadar.

Røysteføre: 7

SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
PS 46/17	Skriv og meldingar	
PS 47/17	Delegerte saker	
PS 48/17	Tv-aksjonen 2017 UNICEF - Oppretting av kommunekomite og kommunalt bidrag	2017/541
PS 49/17	Deltakarar i «Nettverk for folkevalte» i demokratiprojektet til Sunnmøre regionråd IKS	2017/666
PS 50/17	Gnr 29 Bnr 1 Marius Gunnarstein og Elise Myklebust. Søknad om dispensasjon frå kommuneplan	2017/625
PS 51/17	Opprusting av kommunale vegar 2017	2017/648
PS 52/17	Hauglia byggefelt - innløyising og avlysing av vassrettar	2017/627
PS 53/17	Omsorgsbustader ved Elvebakken - oppstart	2016/609
PS 54/17	Rett til sjukeheims plass eller tilsvarande bustad med heildøgntjenester - Opphold i sjukeheim - Lovendring om rett til opphold	2016/746
PS 55/17	Sande kommune - innspel til ruteendringsprosessen 2017	2017/533
PS 56/17	Sande Næringsforum KF - Årsmelding og rekneskap for 2016	2017/488
PS 57/17	Årsmelding for Sande kommune 2016	2017/61
PS 58/17	Sande kommune - Rekneskap 2016	2017/542
PS 59/17	Økonomirapport - 31.mai 2017	2017/524
PS 60/17	Driftstilskot- Kong Arthur-spelet 2017	2017/563

Eventuelt

PS 46/17
SKRIV OG MELDINGAR

Handsaming i Formannskapet :

RS 15/17 Møteplan 2. halvår 2017

RS 16/17 Politiet: Samarbeid mellom kommune og politi

RS 17/17 Skatteetaten: Etablering av ID-kontroll ved Ulstein skattekontor

RS 18/17 Særutskrift Amu-9/17: Årsrapport for arbeidsmiljøutvalet 2016

RS 19/17 Særutskrift Amu-11/17 Sjukefråvær 1. kvartal 2017

RS 20/17 Månadsrapport SSIKT mai 2017

RS 21/17 Sande Kyrkjelege fellesråd: Gravstad Larsnes
Vedtak: Formannskapet ber om å få framlagt ei sak til neste møte.

RS 22/17 Helse Møre og Romsdal: Endelig beslutning om ny lokalisering av de ambulante tjenester i Myrvåg

RS 23/17 Politiet: Endring i organisasjonen

RS 24/17 Politiet: Politikontakter i alle kommunar

Fylkestinget, investeringsprogram fylkesvegar 2018 – 2027: opprusting av fergekaier på Larsnes (2019) og Voksa (2018). Ordføraren orienterte.

VEDTAK:
Skriv og meldingar vart samrøystes teke til vitande.

PS 47/17
DELEGERTE SAKER

Handsaming i Formannskapet :

DS 6/17 Kvamsøy IL: Søknad om skjenkeløyve for "Sommarhelg", 9. og 10. juni 2017

DS 7/17 Gamlebanken Scene: Søknad om skjenkeløyve, einskildløyve for konsert med Stig Ulv, 16.06.2017

DS 8/17 Landsbyen Larsnes: Skjenkeløyve, einskildløyve for Sumarsamkome på Larsnes, 23. - 25.06.2017

VEDTAK:
Delegerte vedtak vart samrøystes teke til vitande.

PS 48/17

**TV-AKSJONEN 2017 UNICEF - OPPRETNING AV KOMMUNEKOMITE OG
KOMMUNALT BIDRAG**

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Sande formannskap vert vald som kommunekomité med ordføraren som leiar.

Servicekontoret for ansvaret for organiseringa.

Sande kommune løyver kr 10.000 til TV-aksjonen Unicef.

PS 49/17

**DELTAKARAR I «NETTVERK FOR FOLKEVALTE» I DEMOKRATIPROSJEKTET
TIL SUNNMØRE REGIONRÅD IKS**

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga. Representantar vert å velje i kommunestyret.

TILRÅDING:

Fylgjande faste representantar i kommunestyret i Sande kommune deltek i demokratiprojektet til Sunnmøre regionråd IKS:

PS 50/17

**GNR 29 BNR 1 MARIUS GUNNARSTEIN OG ELISE MYKLEBUST. SØKNAD OM
DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLAN**

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Sande formannskap rår til at det vert gitt dispensasjon frå kommuneplanen for etablering av bustadtomt som omsøkt frå gnr.29 bnr.1 slik det går fram av grunngjeving og konklusjon i saksutgreiinga.

PS 51/17
OPPRUSTING AV KOMMUNALE VEGAR 2017

Handsaming i Formannskapet :

Arnliot Muren, Ap sette fram mindretalsframlegget i Nærings, teknisk og miljøutvalet:

Kommunestyret vedtek å prioritere opprusting/asfaltering av kommunale vegar slik det går fram av administrasjonen sine prioriteringar

RØYSTING:

Mindretalsframlegget frå NTM-utvalet fekk 3 røyster, og fall (Sp, Ap)

Fleirtalsframlegget frå NTM-utvalet fekk 4 røyster og vart tilrådd.

TILRÅDING:

Kommunestyret vedtek å prioritere opprusting/asfaltering av kommunale vegar slik det går fram av administrasjonen sine prioriteringar, med slik endring:

Johan Riises Minne – Coop Marked Gjerdsvika : asfaltlegging 80 m

Skredestranda – Grusveg på Torset (ca 400 meter) – reduksjon på 50 m

Sandvika - Knotten - Grusveg (ca 400 meter) – reduksjon på 50 m

PS 52/17

HAUGELIA BYGGEFELT - INNLØYSING OG AVLYSING AV VASSRETTAR

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga.

TILRÅDING:

Sande kommunestyre gjer vedtak om å løye inn vassrettar slik det går fram av saksframlegg og vedlagte avtalar. Ordførar får fullmakt til å signere avtalen for Sande kommune.

PS 53/17

OMSORGSBUSTADER VED ELVEBAKKEN - OPPSTART

Handsaming i Formannskapet :

Helge Støylen, Tvp foreslo å utsette saka med sikte på ny handsaming i kommunestyret i september 2017.

Utsettingsforslaget vart samrøystes vedteke.

PS 54/17

RETT TIL SJUKEHEIMSPASS ELLER TILSVARANDE BUSTAD MED HEILDØGNSTENESTER - OPPHOLD I SJUKEHEIM - LOVENDRING OM RETT TIL OPPHOLD

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga.

TILRÅDING:

Sande Kommunestyre vedtek forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt lagt til rette for heildøgntenester, inkludert kriterier for tildeling og venteliste slik det ligg føre i vedlegg 1. med endring av §4 b) slik det går fram av saksutgreiinga.

PS 55/17

SANDE KOMMUNE - INNSPEL TIL RUTEENDRINGSPROSESSEN 2017

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga, med slikt tillegg:

- Fylkeskommunen må sørge for at det er avgang med flybuss til/frå Valderøy på alle hurtigbåtanløp på Valderøy.

TILRÅDING:

Sande Kommunestyre viser til i saksframstillinga, og bed om at:

- Fylkeskommunen vurderer om Garnes er tilstrekkelig utnytta som "trafikknutepunkt".
- Fylkeskommunen gjer tiltak som sikrar betre samvirke mellom aktørar slik at skuleskyssordninga for den vidaregåande skulen kan verte meir effektiv for elevane.
- Fylkeskommunen vurderer ordningar der både bussnæringa og drosjenæringa vert sett i samanheng for å gi eit betre kollektivtilbod i distrikta.
- Fylkeskommunen vurderer dei konkrete innspela til rutejustering frå Kvamsøy bygde- og næringslag m/ fleire.
- Fylkeskommunen må sørge for at det er avgang med flybuss til/frå Valderøy på alle hurtigbåtanløp på Valderøy.

PS 56/17

SANDE NÆRINGSFORUM KF - ÅRSMELDING OG REKNESKAP FOR 2016

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga.

TILRÅDING:

Sande kommunestyre godkjenner årsmelding og rekneskap for Sande Næringsforum KF for 2016.

Årsrekneskapen viser eit negativt netto driftsresultat på kr 790.526,75 og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 5.772.196,22.

PS 57/17
ÅRSMELDING FOR SANDE KOMMUNE 2016

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga.

TILRÅDING:

Sande kommunestyre godkjenner Sande kommune si årsmelding for 2016 slik den går fram av vedlegg.

PS 58/17
SANDE KOMMUNE - REKNESKAP 2016

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga.

TILRÅDING:

1. Årsrekneskapen for Sande kommune for rekneskapsåret 2016, bestående av drifts-, investerings- og balanserekneskap, vert godkjent.
2. Driftsrekneskapen for 2016 viser eit meirforbruk på kr 1.048.604 kr. Meirforbruket vert å dekke inn over drifta i løpet av to år – innan utgangen av 2018.

PS 59/17
ØKONOMIRAPPORT - 31.MAI 2017

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga.

TILRÅDING:

Sande kommunestyre tek Økonomirapport pr 31.mai 2017 til vitande.

Sektorane og einingane må fortsette arbeidet med kostnadskontroll for å halde fastsette rammer.

PS 60/17
DRIFTSTILSKOT- KONG ARTHUR-SPELET 2017

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga, med auka tilskot til kr 30.000.

VEDTAK:

Sande formannskap vedtek å yte Kong Arthurspelet eit driftstilskot for 2017 på kr. 30.000,-
Løyvinga skal førast på kultur med budsjettoverføring frå kto. 14900.1110.100 Reserverte.

Til å skrive under møteboka saman med ordførar vart Kari Grønnevik og Anne-Marte S.
Beitveit valde.

Møtet slutt kl 15.50

Kari Grønnevik

Dag Vaagen

Anne-Marte S. Beitveit

Rett utskrift

SANDE SERVICEKONTOR, 6084 Larsnes, 15. juni 2017

Tove Cathrine Kvamme
Politisk sekretær